



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Skjåk kommune

05.06.2020

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
23-20

23. Høring – bygge om / reetablere vêrstasjon i Breiddalen - Statens Vegvesen

Søknad frå Statens vegvesen til Skjåk kommune (iht regional plan for Ottadalsområdet skal alle vedtak etter PBL som kan råke villrein på høring til villreinnemnda):

Til: Brandsar, Øystein <Oystein.Brandсар@lom.kommune.no>

Kopi: Veum John Børre <john.veum@vegvesen.no>

Emne: Spørsmål om søknadsfritak PBL §20-5

Hei

Eg viser til vedlegga. Statens vegvesen ynskjer å byggje om/reetablere vêrstasjonen vi har i Breiddalen på Rv 15 Strynefjellet no i løpet av sommaren/hausten 2020. I dag er vêrstasjonen samlokalisert i Telenor sitt anlegg for mobilsamband. I samband med nødvendig oppgradering er det naturleg å ta den i heilskap ut av sametablering med eit teleselskap. Anlegget vil som illustrert verte 3-delt i struktur i området det dekker - ei 6 meter høg gittermast ved 7 meter frå vegen (slik sett er ikkje vedlagt Rv 52 Hemsedal eksempelfoto representativt), eit driftsbygg m/gittermast 10 meter høg utanfor fresesona i området 35-40 meter frå vegen, og ei 5 meter mast med snømåler (etablert i 2012) i lenger inne i lendet vel 80 - 85 meter frå vegen.

Dette skjer på grunn Statens vegvesen disponerer ved eige eller ved leige. Det vil bli gjort leigeavtale med Skjåk allmenning. Avtalen ligg ikkje føre enno, men vi er blitt orientert om at den vil bli underteikna som framforhandla.

Sidan deler av installasjonane er over 5 meter er det i utgangspunktet søknadsplikt etter Plan- og bygningslova.


Vi spør om søknadsfritak med heimel i PBL § 20-5 g) (<https://lovdata.no/lov/2008-06-27-71/§20-5>) jf. Byggsaksforskrifta (SAK10) §4-1 m/retteiar (https://dibk.no/byggeregler/sak/2/4/4-1/?t_id=1B2M2Y8AsgTpgAmY7PhCfg%3d%3d&t_q=frita&t_tags=language%3ano%2csiteid%3aa8fed669-6208-4354-8fe6-9c93cb91a133&t_ip=146.2.193.74%3a35282&t_hit.id=EPiServer_Templates_DIBK_PageTypes_Veiledninger_ParagrafPageType/) - sjå også/eller vedlegg 'Skjermbilder Lovdata og SAK 10 - rettleiar)

Vi ber om fritaket fordi mast og driftsbygg er avgrensa installasjonar som vil inngå i etablert infrastrukturmiljø som blir lite endra ved tillegget.

Med helsing

Sven Arild Fedje

I høve til villrein er dette truleg uproblematisk. Ofte er det ikkje dei fysiske tiltaka i terrenget, men bruken og påverknad frå menneske som er utfordringa for villrein. Eg vil tru at vêrstasjonen i stor grad er sjølvgåande. Mykje vedlikehald og mykje ferdsel ved masta er ikkje gunstig. Den viktigaste trekkorridoren for villrein mellom Reinheimen og Breheimen går i Breiddalen. Ofte trekker da villreinen gjennom søre eller nørde Kupa, altså like ved vêrstasjonen. Trekket kan gå gjennom rasteplassen (synt med blå sirkel i kartet under). Plasseringa av denne er uheldig med tanke på villrein. På sommaren ser ein ofte mange bubilar her, med opphald og ferdsel av folk. Denne ferdselen skulle ein gjerne ha kanalisert til ein annan plass. Det er viktig at avkøyring til vêrstasjonen blir utforma slik at det ikkje blir enno ein plass som trekker folk og bubilar i dette området.



Helsing

Johan Berge
Leiar

Tor Taraldsrud
Tor Taraldsrud
Sekretær